



## Dilemmaer

### Dilemma 1

Luca er i familiebursdag med heile familien sin. Dei har ein morosam dag saman, men då luca og pappa skal dra heim, seier pappa at luca må gi ein klem til tante kim. Luca vil ikkje gi klem til tante kim, men føler at ho må. Tante kim seier at ho blir lei seg om ho ikkje får ein klem, og lèt som ho begynner å gråte. Kva bør luca gjere?

- Luca bør springe til bilen og vekk frå familien sin.
- Luca bør seie «nei» og snakke med pappaen sin om at ho ikkje vil gi klem.
- Luca bør gi klem til tante Kim.
- Andre alternativ.

### Dilemma 2

Mats har eit problem. Det er ikkje lås på badedøra heime hos han, og når han dusjar, kjem mora og storesøstera berre brasande inn utan å banke på eller spørje om lov. Mats synest det er veldig ubehageleg, og han veit ikkje kva han skal gjere. Kva bør Mats gjere?

- Mats skal sørge for å få sett ein lås på døra.
- Mats skal berre akseptere at andre kan kome inn på badet når han er der.
- Mats skal snakke med heile familien om det.
- Andre alternativ.



## Dilemmaer

### Dilemma 3

Malik og Marie er gode venner, men no veit ikkje Malik kva han skal gjere. Dei siste par gongene han har vore saman med Marie, har ho prøvd å kysse han. Malik har ikkje lyst til det, men han har heller ikkje lyst til å såre Marie med å seie nei. Kva bør Malik gjere?

- Malik skal fortelje Marie at han ikkje har lyst til å kysse med henne.
- Malik skal late som ingenting og håpe at Marie ikkje vil kysse han.
- Malik skal la Marie få lov til å kysse han.
- Andre alternativ.

### Dilemma 4

Alex leikar på leikeplassen i friminuttet, og plutselig kjem storebroren til bestevennen hans bort og seier at Alex må ta av seg alle kleda sine. Alex vil ikkje ta av seg nokon klede og synest dette er litt skummelt. Kva bør Alex gjere?

- Alex bør ta av seg alle kleda.
- Alex bør ikkje gjere noko, berre håpe at storebroren til bestevennen går sin veg.
- Alex bør seie nei og gå og seie frå til ein vaksen.
- Andre alternativ.



## 2 / Kven bestemmer over kroppen din?

### Dilemmaer

#### Dilemma 5

Nánni og Storm leikar saman i friminuttet. Aran vil bli med på leiken og spør om han får vere med. Nánni og Storm vil ikkje at Aran skal vere med, for dei leikar mor og barn, og då er det ikkje plass til Aran i leiken. Kva bør Nánni og Storm gjere?

- Nánni og Storm bør ta med Aran i leiken, han kan jo vere far.
- Nánni og Storm bør springe vekk frå Aran og håpe at han ikkje følgjer etter.
- Nánni og Storm bør seie nei og at han ikkje får bli med på leiken.
- Andre alternativ.